



Fylkesmannen i Vestland

1

Vår dato:

26.11.2019

Vår ref:

2019/5969

Deres dato:

07.11.2019

Deres ref:

4ae02e81-9ff7-40fd-  
89ee-0c0b6e52ffb4

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Åse Vaag, 5557 2188

## Klage på vedtak - Lindås - 148/7 - Litleskare - oppretting av ny grunneigedom – dispensasjon

Viser til oversending av vedtak om dispensasjon for frådeling av bustadtomt gnr. 148 bnr. 7, motteke 7.11.19.

**Fylkesmannen klagar på vedtaket gjort i plan- og miljøutvalet 30.10.19 i sak 113/9 .**



### Bakgrunn

E-postadresse:  
[fmlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



Saka gjeld dispensasjon frå LNF-føremålet til å skilje frå hus nr 2 på gb.nr. 148/7 og oppretting av ny grunneigedom. Det vart gjeve avslag til frådeling i vedtak datert 10.06.19. Dette vedtaket vart påklaga og blei handsama på nytt 30.10.19 etter synfaring på bruket.

### Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen viser til uttale gjeve i saka 28.03.19

*Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesettet. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.*

*Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.*

*Fylkesmannen si vurdering er at frådelinga vil føre til ein uheldig oppsplitting landbruksområdet. Ei frådeling til bustadføremål inneber at tomta vil vere fritt omsetteleg, og eigartilhøva vil over tid ofte vere skiftande. Det er problematisk å tillate ein fritt omsetteleg bustad i eit landbruksområde. Det er ikkje slik at bustadbygging berre påverkar sjølve tomtearealet. Bustadbygging medfører ei viss bandlegging på nærliggande landbruk, grunna konfliktpotensiale rundt støy og lukt frå landbruket. I denne saka vil tilkomstvegen gå igjennom delar av landrukseigedomen og forbi driftsbygninga på gnr. 148 bnr. 7 og det omsøkte området vil grense til dyrka mark. Begge delar kan potensielt føre til konfliktar mellom eigar av bustadeigedomen og landrukseigedomen.*

Fylkesmannen er elles samd med administrasjonen i Lindås kommune som har innstilt med avslag i saka grunna m.a. presedensverknad. Med eit fritt omsetteleg bustadhus inne i eit etablert gardsmiljø vil det kunne auke presset frå andre landrukseigedomar som ynskjer å skilje frå bustadhus nr. 2. Særleg i Nordhordland der gardane er små, er det mange landrukseigedomar som er i same situasjon. Fylkesmannen er oppteken av at hus nr. 2 vil kunne vere ein ressurs for bruket sett i eit langsiktig perspektiv.

Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket i plan- og miljøutvalet 30.10.19 i sak 113/19, med grunngjeving i momenta i vår uttale og vurderinga ovanfor.

Med helsing

Nils Erling Yndestad  
kommunaldirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*